



Innkalling
av
Formannskap – styringsgruppe
Tema Byvekst

Møtedato: 12.11.2020
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 09.15 - 10.15

- Gjennomgang av aktuelle byvekstprosjekt for handlingsprogrammet 2022 – 2025

Sakliste

6. november 2020

Sara Hamre Sekkingstad
møteleiar

Nora M. K. Gjerde
møtesekretær



Byvekst - Miljøløftet

Aktuelle prosjekt handlingsprogram 2022 – 2025

Styringsgruppemøte 12. september 2020



ALVER
KOMMUNE

Agenda

- Plan for haust 2020 og vår 2021
- Intern organisering
- Prosjektgruppe – mandat
- Satsingsområder og kriterier for å velje ut prosjekt
- Bruttoliste aktuelle prosjekt 2022 – 2025
- Belønningsmidlar



Plan for haust 2020 og vår 2021

- 29. oktober: Vedta intern organisering i kommunestyret
- 12. november:
 - Møte i politisk styringsgruppe – gjennomgang av aktuelle prosjekt i neste 4-års periode
 - Diskusjon - bruk av belønningsmidlar
- November: Møte i prosjektgruppe - starte arbeid med å utarbeide prosjektark for handlingsprogram 2022 – 2025
- Desember/januar: Møte i politisk styringsgruppe - avklare endeleg kva prosjekt vi skal spele inn til handlingsprogram 2022 - 2025
- Jan – april: Arbeid i Miljøløftet – endeleg avklaring kva prosjekt som skal inn i handlingsprogram. Møter i politisk styringsgruppe Alver ved behov.
- Mai/juni: Politisk handsaming av handlingsprogrammet



Prosjektorganisasjon Alver kommune

Prosjektorganisasjonen blir lagt opp på følgjande måte:

Organ	Kven
Politisk styringsgruppe	Formannskapet
Administrativ styringsgruppe	Rådmann og ass. rådmenn
Prosjektansvarleg	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Prosjektleiar	Hovudprosjektleiar samferdsel
Prosjektgruppe	Kommunalsjef teknisk forvaltning og drift Tenesteleiar plan og analyse Tenesteleiar arealforvaltning Tenesteleiar eigedomsforvaltning Leiar for prosjektsektor
Arbeidsgrupper og faggrupper	Blir oppretta ved behov

Organ i Miljøløftet	Kven deltar
Styringsgruppe	Ordfører og rådmann
Administrativ koordineringsgruppe (AKG)	Rådmann og kommunalsjef samfunnsutvikling
Arbeidsutvalet	Prosjektleiar Alver kommune
Faggrupper: Kollektiv, gang og sykkel, sentrum, kommunikasjon og trafikktryggleik	Blir peika ut av prosjektgruppe



Arbeid i prosjektgruppe

- Prosjektgruppe skal følge opp og koordinere aktivitetane inn mot Miljøløftet sine organ og inn mot politisk nivå i Alver
- Prosjektgruppa sine oppgåver:
 - Jobbe fram behov og muligheiter i arbeid med handlingsprogram.
 - Avklare plan- og utgreiingsbehov,
 - Avklare aktuelle prosjekt og legge det inn i prosjektark og Miljøløftet sine system
 - Førebu dokumentasjon til Miljøløftet sine møter og prosessar
 - Førebu saker til møter i politisk styringsgruppe og andre politiske fora
 - Sikre intern koordinering og avklare arbeidsdeling inn mot tenesteområda og avdelingane i kommunen
 - Følgje opp vedtatt handlingsprogram og ha dialog med utbyggingsprosjekta som er i regi av Miljøløftet (Internt i Alver og andre stader)
 - Bidra i arbeidet med reforhandling av byvekstavtalen (2021/2022)



Satsingsområde i avtalen

- Gang og sykkel
- Kollektivtransport
- Innfartsparkering
- Miljøvenleg teknologi og innovasjon



Prioritering av prosjekt og kriterier for å velje ut prosjekt

- Prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal bidra til måloppnåing, der målet om nullvekst i personbiltransporten er overordna.
- Prioritering av tiltak i byvekstavtalen skal styrast etter prinsipp om porteføljestyling.
- Dette inneber at tiltak skal prioriterast etter ei samla vurdering av tiltaket sitt bidrag til nullvekstmålet, samfunnsøkonomisk nytte, disponible midlar, planstatus, i tillegg til kapasitet på planlegging og gjennomføring.
- For å sikre at utbygging av areal og transportinfrastruktur vert samordna i tid, bør arealutvikling vere ein del av vurderingsgrunnlaget for porteføljestylinga. Eventuell kostnadsauke må handterast innanfor prosjektporteføljen.
- Prosjekt som blir spelt inn i første år i handlingsprogrammet (2022) må vere regulert og prosjektert – og klar til bygging.



Alver kommune sine prioriteringar i handlingsprogram 2021 - 2024

Statsbudsjettet 2021:

- Kvamsbrekko – 12,5 mill
- Knarvik sentrum – 4 mill
- Knarvik sentrum – 10 mill

Belønningsmidlar 2019/2020:

- Mjåtveitvegen g/s-veg – 965.000

Handlingsprogram 2021 – 2024:

- Flatøy, G/S-veg ved kollektivterminal – 60 mill i 2022
- Sagstadvegen, G/S-veg mellom Frekhaug og Sagstad skule – 30 mill i 2022



Bruttoliste – aktuelle prosjekt 2022 - 2025

Nr	Stad	Prosjekt	Satsingsområde	Status/regulering/kommentar	Vurdering i perioden 2022 - 2025
1	Alversund/Alverstraumen Hilland. NB! Disse 4 prosjekta i dette området bør ein sjå i samanheng	Alversund bru + G/S-veg	Gang og sykkel	Ikkje regulert. Startar regulering av bru i 2020. Avhengig av mange avklaringar, eks sidevegar, KDP E39.	Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
2	Alversund/Alverstraumen Hilland.	Rundkøyning/kryss Hilland	Gang og sykkel	Regulert i delvis utgått plan, krav for å løyse ut bustadutvikling i området.	Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Bør vurderast i samanheng med pkt 1
3	Alversund/Alverstraumen Hilland.	G/S-veg Hilland – Alverstraumen	Gang og sykkel	Regulert i delvis utgått plan	Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Bør vurderast i samanheng med pkt 1
4	Alversund/Alverstraumen Hilland.	Snuplass buss Hilland	Kollektiv	Ikkje regulert	Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Bør vurderast i samanheng med pkt 1
5	FV 404 Alversund/ Kvamsvåg	Vidare utbygging G/S-veg frå Kvamsvåg (Kvamsbrekko)	Gang og sykkel	Regulert – ikkje prosjektert	Må først avklare om vi får midlar til prosjekt i Kvamsbrekko, spelt inn til statsbudsjett 2021. Kan byggast vidare i samsvar med reguleringsplanen i perioden 2022 – 2025.
6	Frekhaug – Knarvik: system for G/S-veg	Krossnessundbrua	Gang og sykkel	Ikkje regulert	Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
7	Hagelsundet	Hagelsundbrua	Gang og sykkel	Forprosjekt ferdig – må regulerast. Teknisk løysing er akseptert. Uavklart grensegang mot SVV og NTP. Kan vi bruke planmidlar byvekst? Eller andre midlar	Bør starte regulering, viktig prosjekt for å sikre betre tilhøve til sykkel og gange. Avklare kva midlar vi kan bruke for regulering. Jobbe inn mot SVV for å sikre statlege planmidlar.
8	Dalstø – Holme	G/S-veg – farleg vegstrekning.	Gang og sykkel	Ikkje regulert	Må regulerast – viktig prosjekt. Mange som kan nytte gang- og sykkelveg. Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
9	Ostereidet	G/S-veg mellom senter og skuleområdet	Gang og sykkel	Regulert i områdeplan, ferdig i løpet av 2020. Blir prosjektert i samband med hallprosjekt. Oppstart 2022/2023	Viktig for utvikling av nærsenteret. Avhengig av avgjerd om hall.
10	Skodvin – Mongstad	G/S-veg	Gang og sykkel	To reguleringsplanar under arbeid. Usikker status. Statens vegvesen leiar prosjektet	Ikkje vedtatt reguleringsplan. Ikkje aktuelt i handlingsplanen for byvekstvtale.



Bruttoliste – aktuelle prosjekt 2022 - 2025

NR	Stad	Prosjekt	Satsingsområde	Status/regulering/kommentar	Vurdering i perioden 2022 - 2025
11	Knarvik sentrum	G/S-veg rundt industribygg – del av utbygging Coop	Gang og sykkel	Regulert – Coop har starta dialog om planlegging	Må avklarast i prosessen med Coop. Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
12	Kleivane på Seim	G/S-veg – viktig trafikksikring til skulen	Gang og sykkel	Ikkje regulert – sjå i samanheng med reguleringsplan Seim skule	Må regulerast først. Kommunen bør lage ei analyse av strekningar av særleg farleg skuleveg med kostnadsramme. Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
13	Austmarka øvre	G/S-veg frå bustadområde til skule, butikk og idrettsområde	Gang og sykkel	Regulert – rekkjefølgjekrav med undergang og g/s-veg	Er aktuelt å spele inn i handlingsplanen 2022 - 2025. Må prosjekterast og berekne kostnad. Gå i dialog med utbyggjar.
14	Bøvågen	G/S-veg i samband med bygging av ny barnehage	Gang og sykkel	Regulert, blir same G/S-veg som ved skulen. Krev omlegging av Fylkesvegen.	Må gå i dialog med fylkeskommunen. Er det aktuelt å flytte fylkesvegen?
15	Vikebø/Rylandshøgda	G/S- veg frå nytt bustadfelt til skulen	Gang og sykkel	Reguleringsplan er vedtatt. Kan starte prosjektering og kostnadsrekning. Viktig prosjekt for Vikebø som nærsenter.	Bør vere med i handlingsplanen 2022 – 2025.
16	Fløksand -Vikebø	G/S-veg	Gang og sykkel	G/S-veg som ikkje er ein del av NH-pakken	Regulering pågår. 1. gangsbehandling i nov 2020. Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.
17	Eikanger	G/S-veg mellom E39 og Eikanger skule	Gang og sykkel	Ikkje regulert	Må avvente KDP E39.



Bruttoliste – aktuelle prosjekt 2022 - 2025

NR	Stad	Prosjekt	Satsingsområde	Status/regulering/kommentar	Vurdering i perioden 2022 - 2025
18	Direktebuss frå nærsentra til Knarvik/Bergen	Betre og meir effektivt kollektivsystem	Kollektiv	Ekspressbussar som plukkar opp folk langs hovudtransportårer	Må avklarast saman med Skyss. Viktig tiltak for å få folk til å bruke kollektiv mellom regionen og Bergen.
19	Innfartsparkering på hovudinnfartsårer	Ostereidet, Eikanger, Seim, Leknes, Alversund, Knarvik, Austmarka, Holsnøy	Innfartsparkering	Ikkje regulert	Anbefalar å utarbeide ei analyse som beskriv behov og muligheter for innfartsparkering. Bruke belønningsmidlar til ei analyse.
21	Etablering av ringbussar og matebussar	Aktuelt i den sørlege delen av kommunen i kombinasjon med innfartsparkering.	Kollektiv/ innfartsparkering	Vurdert tidlegare – samarbeid med Skyss	Ta opp igjen diskusjonen med Skyss. Bruke belønningsmidlar til å vurdere ulike konsept.
20	Knarvik snøggåttkai	Venterom på Knarvikkaien	Kollektiv	Ikkje regulert	Avklare i dialog med VLFK.
22	Sykkelparkering kollektivknutepunkt og innfartsparkering ulike stadar i kommunen	Sykkelparkering er viktig for tryggleik	Kollektiv/gang og sykkel	Må sjekke ut regulering knytt til dette. Er det mulig å gjere tiltak utan regulering	Bruke belønningsmidlar til å lage ei kartlegging av aktuelle tiltak.
23	Støtteordning sykkel	Etablere tilskotsordning for El-syklar og støtteordning til bedrifter	Gang og sykkel	Dette kan vere incentivordning for å sikre at fleire syklar	Bruke belønningsmidlar til ei ordning for støtte.
24	Kyststi	Kyststi i Knarvik/Alversund og Holme - Frekhaug	Gang og sykkel	Ikkje regulert.	Bør prioritere arbeidet med regulering. Kan vi bruke byvekstmidlar på dette?
25	Skular	Trafikksikring og hjartesoneløysing ved alle skular. Er eit prosjekt på Leknes – pilotprosjekt. Starter i 2021.	Gang og sykkel	Gjennomføre analyse av særleg farleg skuleveggar	Bruke belønningsmidlar til analyse.
26	Fjellhall i Knarvik	Løysing for innfartsparkering og parkering i regionsenteret	Innfartsparkering	Ikkje regulert. Gjennomført muligheitsstudie.	Må ferdigstille forprosjekt. Må regulerast inn i områdeplan knarvik sentrum. Ikkje klar til å bli spelt inn i 2021. Vurdere på nytt i 2022.



Belønningsmidlar

- Kr 2,46 mill i 2019 og kr 2,46 mill i 2020
- Kan nyttast til utgreiing, planlegging og prosjektering

Prosess:

- Innspel gjennom prosjektark
- Forankring i Miljøløftet
- Politisk avgjerd i Alver på bruk av midlane.

Aktuelle prosjekt:

- Mjåtveitvegen – kr 965.000
- Analyse innfartsparkering

